

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Hjortegarden, Ålfoten
Dato: 29.05.2019
Tidspunkt: 10:00 – 14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Karin Sande	Medlem	
Hege Lothe	Leder	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Strømmen	NESTL	
Jan Henrik Nygård	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Audun Åge Røys	Marius Strømmen	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 6/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 4/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker 2/2019		2019/10793
RS 5/19	Ålfotbreen landskapsvernområde - Godkjenning av besøksstrategi		2019/2520
ST 8/19	Ålfotbreen LVO - Søknad om tilbygg til hytte på Grøndalsstøylen - Edvard Johansen		2019/8753
ST 9/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Informasjonsskilt		2019/5741
ST 10/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Oppnemning av Rådgevande utval etter revidering og rullering		2019/11038
ST 11/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Tilrettelegging i Førdedalen		2019/4056
ST 12/19	Ålfotbreen verneområdestyre - Revidering av tiltaksplan		2019/10801
ST 13/19	Eventuelt		

ST 6/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 29.05.2019

Vedtak ST 6/19

Merknad:

Innkalling og sakspapir vart ikkje sendt til vararepresentant Audun Åge Røys, som vart kalla inn på kort varsel.

Med den merkningen vart innkallinga godkjent.

Saklista vart godkjent utan merknader.

ST 7/19 Signering av protokoll frå førre møte

Vedtak ST 7/19

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

RS 4/19 Ålfotbreen verneområdestyre - Orienteringssaker 2/2019

Styret tok orienteringssakene til vitande

RS 5/19 Ålfotbreen landskapsvernområde - Godkjenning av besøksstrategi

Styret tok saka til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/19	29.05.2019

Ålfotbreen LVO - Søknad om tilbygg til hytte på Grøndalsstøylen - Edvard Johansen

Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 29.05.2019

Vedtak ST 8/19

1. Ålfotbreen verneområdestyre avslår søknad om tilbygg på hytte ved Grøndalsstøylen slik søknaden føreligg.
2. Avslaget er grunngjeve med at tilbygget er større enn kva forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde opnar for.
3. Styret oppmodar søkjaren om å vurdere eit mindre tilbygg som er innanfor retningslinene i forvaltningsplanen og kome tilbake med ein ny søknad.

I svarbrev til søker skal retningslinjene i forvaltningsplanen presiserast. I saker som gjeld utviding av eksisterande bygningar vert det normalt akseptert utviding opp til 30 % auke i areal.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

1. Ålfotbreen verneområdestyre avslår søknad om tilbygg på hytte ved Grøndalsstøylen slik søknaden føreligg.
2. Avslaget er grunngjeve med at tilbygget er større enn kva forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde opnar for.
3. Styret oppmodar søkjaren om å vurdere eit mindre tilbygg som er innanfor retningslinene i forvaltningsplanen og kome tilbake med ein ny søknad.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tilbygg til hytte, med skisser og andre vedlegg
- Verneforskrift for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen

Søknaden

Flora kommune har sendt over ein søknad frå Edvard Johansen, som søker om å få bygge på ei hytte som han med fleire eig saman ved Grøndalsstøylen i Flora kommune. Hytta ligg inne i Ålfotbreen landskapsvernområde.

Slik eg les søknaden og vedlegga, so ynskjer Johansen å bygge på hytta for å få plass til fleire soverom/sengeplassar, for å få meir lagerplass og for å bygge sanitærom. Det er to familiar som eig hytta i lag og derfor behov for fleire sengeplassar. Det er dessutan ynskje om å oppgradere fasilitetane og lage til nytt inngangsparti.

Hytta er per i dag på om lag 43 m², slik eg ser det ut i frå vedlagt planskisse og oppført i søknad. Tilbygget Johansen søker om er 4,5 m langt i heile hytta si breidde på 5,8 m, noko som gjev 26 m² byggjeflate. Det går fram av vedlagte fasadeskisser at tilbygget skal vere i same stil som resten av hytta med liggande kledning og «liggande» vindauge.

Regelverk

Inngrep er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde.

Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til enkelte typar inngrep. Mellom anna gjeld dette utviding og ombygging av eksisterande bygningar slik som det er søkt om her. Det står i verneforskrifta § 3, pkt. 1.3 a):

1.3 Forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til:

a) ombygging og utviding av eksisterande bygningar

[...]

Verneområdestyret kan altså handsame saka etter heimel i verneforskrifta.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyver frå kommune og eventuelt grunneigar. Eventuell motorferdsel i samband med byggearbeid må og søkjast om.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Ålfotbreen landskapsvernområde er eit område med veldig få bygningar i. Totalt er det i følgje forvaltningsplanen ni bygningar inne i landskapsvernområdet. Det betyr at bygningar og bygningsmiljø ikkje verkar inn på landskapet i særleg grad. Det betyr og at det vert få byggesaker å handsame for forvaltninga.

Hytta det er snakk om ligg ved Grøndalsstøyla i Flora kommune. Det ser ut til å vere ei vanleg fritidshytte av typen «Ålhytta», med liggande kledning og liggande vindauge. Sjølv om den ligg ved/på ein støyl, er ikkje hytta knytt til landbruksdrift og den er ikkje, verken i form eller funksjon, å rekne som eit sel/støylshus. Hytta ligg meir eller mindre aleine, utan andre liknande bygningar i nærleiken. Den er derfor ikkje ein del av eit bygningsmiljø. Hytta er per i dag på 43 m² BYA.

Det er altså søkt om å få bygge på hytta med 26 m². Tilbygget er tenkt slik at hytta vert forlenga med 4,5 m mot nord, i heile breidda til hytta på 5,8 m. Føremålet med utvidinga er å få meir soveplass, lagerplass og å få plass til eit sanitærrum, truleg til ein biodo eller liknande.

Utviding og ombygging av eksisterande bygningar står omtala i forvaltningsplanen for Ålfotbreen landskapsvernområde, i kapittel 4.6 Bygningar under 4.6.3 Retningsliner for forvaltninga:

Tillate etter søknad:

- *Riving av bygningar*
- *Utviding av bygning. Forvaltningspraksis tilseier at det normalt sett vert akseptert utviding eller tilbygg med opptil 30 % auke i flatemål (BYA), so lenge bygningen framleis vert i tråd med lokal byggeskikk.*
- *Ombygging av bygning. Bygningen skal framleis vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.*

I retningslinene i forvaltningsplanen står det altså at utviding/tilbygg som gjev opptil 30 % auke i byggearealet. I søknaden er det søkt om å få bygge eit tilbygg på 26 m² på ei hytte som i dag er 43 m². Det vil seie ei auke i areal på 60 %, dobbelt so mykje som forvaltningsplanen opnar for. Det bør ligge gode grunnar til grunn om styret vil gå so mykje ut over retningslinene i forvaltningsplanen.

Hytter i utmark som ligg veglaust og litt øyde til er ofte relativt små og arealet i hyttene er ofte veldig godt utnytta. Slik det går fram av teikningane skal tilbygget gje plass til eit nytt soverom med 2-3 sengeplassar, sanitærrom, inngangsparti og boder. Med meir arealeffektiv planlegging vil ein truleg kunne dekke dette behovet med mindre tilbygg enn 26 m². Det er derimot ikkje sikkert at dette er noko som verneområdeforvaltninga skal meine noko om, so det er eit anna moment som styret må diskutere og vurdere.

Hytta ligg i ein skogdekt område ved elva som renn ut i Støylsvatnet. Den ligg ganske skjerma inne i lauvskogen, sjølv om det ser ut til å vere rydda litt skog for å få sikt ned mot vatnet. Hytta er synleg, men den er ikkje dominerande i landskapet slik den er i dag. Det vil den truleg ikkje vere etter ei utviding heller, so lenge skogen rundt hytta står om lag som i dag.

Stien som går oppover til Blåbrebu og sjølve breen går forbi rett ved hytta. Hytta er soleis særleg synleg for dei som brukar denne stien. Hytta er allereie ei relativt stor hytte. Dersom den vert forlengd med 4,5 m vert den totale lengda på hytta 12,5 m. Det er veldig langt til å vere ei privat hytte i utmark. Den vil i so fall likne meir på ei turlagshytte, eit offentleg bygg eller eit næringsbygg.

Nærings- og kulturavdelinga hjå fylkeskommunen er faginstans innan byggeskikk og bygningsmiljø. Dei har fått søknaden tilsendt for uttale. Dei skriv at det er vanskeleg å seie noko om byggeskikk på Grøndalsstøylen, sidan det ikkje er andre bygningar å referere til enn denne hytta. Fylkeskommunen peikar likevel på at hytta vil verte forholdsvis lang samanlikna med det som er vanleg på støylar. Vidare skriv dei at eit noko mindre tilbygg enn det som er søkt om vil harmonere meir, utan at det vil gå vesentleg ut over funksjonane.

Hytta ligg i eit område som er merka av i Naturbase som ein naturtypelokalitet med verdi Viktig (ID: BN00003341, Støylsvatnet). Lokaliteten er ei *stor elveøy med artsrik flommarkskog*. Det er ikkje venta at ei eventuell utviding av hytta vil verke nemneverdig inn på lokaliteten. Verneområde-forvaltar har vore på synfaring i området, og kunnskapsgrunlaget er godt, jamfør nml § 8.

Dette er den fyrste byggesaka som Ålfotbreen verneområdestyre har handsama sidan Ålfotbreen LVO kom under lokal forvaltning og fyrste verneområdestyret vart konstituert. Saka er derfor prinsipiell. No er det særleg få bygningar inne i Ålfotbreen LVO, so det er ikkje å vente at det skal kome mange slike saker i framtida. Saka er likevel prinsipiell og vil gje eit viktig signal om korleis verneområdestyret tolkar og brukar sin eigen forvaltningsplan. Saka skapar soleis ein viss presedens, sjølv om det er få bygningar og dermed få potensielle liknande saker i verneområdet. Den samla belastninga (jamfør nml §10) av akkurat denne saka er nok innanfor det som er akseptabelt, men styret må diskutere om ei so liberal haldning til retningslinene i forvaltningsplanen er akseptabelt i lengda.

Naturmangfaldlova §§ 9, 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

Dette er ei vanskeleg sak. Ein kan ikkje seie at ei utviding slik som det er søkt om her vil vere openbart negativ for «landskapets art og karakter», som er det avgjerande omsynet i eit landskapsvernområdet. Tilbygget vil ikkje vere veldig synleg i landskapet, i alle fall ikkje på litt

avstand. Likevel er tilbygget dobbelt so stort som retningslinene i forvaltningsplanen opnar for. Hytta vil dessutan verte unaturleg stor for ei privat hytte i utmark, og den vil bryte med normal byggeskikk for støylsmiljø. Det avgjerande for verneområdeforvaltaren si innstilling er likevel retningslinene i forvaltningsplanen. Vi har ein vedteken og godkjent forvaltningsplan for Ålfotbreen landskapsvernområde. Planen er frå 2015 og er derfor ganske oppdatert. Det bør ligge verkeleg gode argument til grunn om ein skal sjå vekk i frå forvaltningsplanen allereie i første byggesak som styret handsamar.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/19	29.05.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Informasjonsskilt

Vedtak ST 9/19

Leverandør av skilt

Ålfotbreen verneområdestyre har valt ut følgjande aktuelle leverandørar til informasjonsskilt og portalskilt:

1. Stryvo
2. Nomek

Valet er gjort basert på pris og nærleik. Styret peikar på at det er lettare å følge opp produksjon hos ein leverandør som ligg nær forvaltningsknutepunktet.

Plassering av skilt

- Ved Stårheim ferjekai ynskjer styret primært plassering B, sekundært plassering A, som skildra i notatet.
- Ved Lote ferjekai ynskjer styret primært plassering A, sekundært plassering B, som skildra i notatet.

Verneområdeforvaltar får fullmakt til å finne beste plassering saman med grunneigar Statens Vegvesen.

Tekst på skilta

Forvaltar får fullmakt til å kjøpe tenester frå tekstforfattar.

Dokument i saka:

- Notat om utforming og plassering
- Løyve til plassering frå statens Vegvesen
- Samanstilling av tilbod
- Designmanual for Norges Nasjonalparker

Bakgrunn

Planen for 2019 er å sette opp informasjonsskilt og portalskilt på to stader i tilknytning til Ålfotbreen LVO. Då styret fordelte tiltaksmidlar på styremøte 1/2019 fekk forvaltar i oppdrag å hente inn prisar, jobbe med plassering, innhald og hente inn løyve frå grunneigar på aktuelle. Deretter skulle saka opp att på neste styremøte.

Konsept

Tanken er å plassere to skilt ved sidan av kvarandre på kvar lokasjon;

- Eit «Portalskilt» 800x2000 mm med utskoren portal og logo i rustfritt.
- Eit «Stort skilt» på 950x2000 mm med ståande info-/kartplakat 700 x 1000 mm

Desse to skilta skal fungere som eit «sett». Dei skal plasserast slik at når ein står framfor portalskiltet, skal ein sjå mot/på verneområdet gjennom «portalen».

Plassering og løyve frå grunneigar

Styret ynskjer primært å sette opp skilt på ferjekaiene på Stårheim og på Lote. Dette er stader kor folk stoppar medan dei venter på ferja, kor ein ser mot verneområdet og kor man stoppar når man er på veg mot verneområdet. (Sjå eige notat om plassering.)

Statens Vegvesen har gjeve løyve til plassering av skilt på begge ferjekaiene (sjå vedlagt brev). Dei set vilkår om at dei skal godkjenne nøyaktig plassering.

Leverandører av skilt

Vi har bedt om tilbud på sjølve skilta frå fleire leverandører, og 5 leverandører har sendt oss tilbud. Tilboda er på totalt 4 sett med skilt.

Leverandør 1: 290.760

Leverandør 2: 395.600

Leverandør 3: 274.196

Leverandør 4: 254.400

Leverandør 5: 251.760

Prisane her er inkludert plakat på info-skilta, innfresa logo på portalskilta og frakt til Sandane. Styret skal sjølv velje leverandør, både ut i frå pris og kvalitet. Valet bør grunngjevast.

Eg gjer merksam på at vi skal ha ei samla bestilling saman med Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, der begge styra nyttar same leverandør. Styra må derfor enten verte einige om ein leverandør, eller sette opp fleire aktuelle.

Grafisk innhald

Vi har nokre krav å halde oss til og nokre gode råd å støtte oss til gjeldande det grafiske innhaldet på plakatane.

- Utforming, fargeval, skrifttype med meir skal vere i tråd med designmanualen.
- Kart er sentralt og viktig, og det meste av innhaldet vert bygd opp kring kartet. Vi har bestilt kart frå ein anbefalt leverandør, dette skal vere klart i løpet av mai.
- Innplassering av teikn og symbol i kartet; parkering, overnatting, turstiar med meir. Med symbolforklaring.
- Tekst på 3 språk; nynorsk, engelsk og tysk. Bør vere so kort og konkret som råd. I designmanualen ligg det eit dokument med skrivereglar som vi tek utgangspunkt i. Bør vi vurdere profesjonell hjelp her?
- Vi kan nytte ein grafikar på Sandane til å sette saman kart, tekst og anna grafisk innhald på plakatane, som skiltleverandør kan produsere fysisk.

Montering

Vi kan bruke dei verksemdene vi har tenestekjøpsavtale med, til jobben å fundamentere og montere skilta. Aktuelle verksemdar er Bygdeservice og Kinn Tre- og Hagepleie. Begge dei skal ha kompetanse, erfaring og utstyr til å gjere ein slik jobb.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/19	29.05.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Oppnemning av Rådgjevande utval etter revidering og rullering

Vedtak ST 10/19

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Terje Førde, grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar:

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde for perioden 2019-2022 vert samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Keipen turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Flora turlag
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- Leidulv Solvang, grunneigarrepresentant Flora
- Terje Førde, grunneigarrepresentant Bremanger
- Ola Jan Birkeland, grunneigarrepresentant Gloppen

Bakgrunn

I følge vedtektene til Ålfotbreen verneområdestyre skal det setjast ned eit rådgjevande utval for landskapsvernområdet. Dette står i punkt 9 i vedtektene:

«Styret skal oppnemne eit rådgjevande utval. Utvalet skal bestå av representantar for dei ulike interessene i området, som m.a. grunneigarar, offentlege organ som det angår særleg som til dømes friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Verneområdestyret bør ha minst eit årleg dialogmøte med rådgjevande utval.»

Verneområdestyret sette ned eit rådgjevande utval i 2014. Sidan det har utvalet fungert og hatt årlege møter.

Ålfotbreen verneområdestyre har det siste året hatt ein prosess der ein har sett på samansettinga av Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde. Utvalet har fungert i nokre år no, og det er derfor gjort ei vurdering av korleis utvalet har fungert, kor mykje dei ulike interessene engasjerer seg.

I prosessen med revidering har verneområdeforvaltaren vore i kontakt med alle som har hatt plass i utvalet til no, og fått tilbakemeldingar på interessa for å sitte i Rådgjevande utval og å stille opp på møta. Det har og kome innspel frå styret og andre om kva for interesser som bør vere representert. Nokre interesser ser stor verdi i å vere med i eit slikt utval, medan andre heller vil engasjere seg i forvaltninga på andre måtar.

Saka har vore diskutert i styret i styremøte 2/2018 og i 1/2019. I det sistnemnde styremøtet vart det vedteke at verneområdeforvaltar skulle legge fram framlegg til ny samansetting av Rådgjevande utval i styremøte 2/2019.

Basert på den prosessen og dei tilbakemeldingane som har kome inn, legg verneområdeforvaltaren fram eit framlegg til samansetting av Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde for perioden 2019 – 2022.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	11/19	29.05.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Tilrettelegging i Førdedalen

Vedtak

Tilrettelegging i Førdedalen

1. Verneområdestyret set av ei ramme på kr 10.000 til rydding av skog og andre mindre tiltak langs stien innover mot Hylle 7.
2. Verneområdestyret ynskjer å satse på meir tilrettelegging ved Vasslivatnet dersom ein får til eit samarbeid med ein eller fleire lokale aktørar.
3. Verneområdeforvaltar skal ta initiativ til eit møte med Førde Grunneigarlag, Hjortegarden og Kepien turlag, der ein kan diskutere aktuelle tiltak og satsingar.

Dokument i saka:

- Vedtak i sak om tiltaksmidlar i styremøte 1/2019
- Notat etter synfaring 29.april med SNO og forvaltar

Bakgrunn

Førdedalen er peika på i besøksstrategien for Ålfotbreen LVO, som ein av fire prioriterte innfallsportar til landskapsvernområdet. I strategien står den omtala både som ein lågterskel innfallspørt som skal kunne ta i mot eit breitt spekter av besøkande, og dessutan vere utgangspunkt for meir krevjande turar til høgare fjelltoppar Saga, Plogen og Keipen.

I fjor haust kom det inn fleire innspel og ynskjer om tilrettelegging i Førdedalen. Stien frå vegenden og mot Hylle 7 vart merka i fjor, men det var ynskje om å gjere meir arbeid på stien for at den skal verte betre å bruke. I bestilling av tiltaksmidlar for 2019 vart tilrettelegging i Førdedalen ført opp, og tiltaket vart «godkjent» av Miljødirektoratet i handsaminga av søknaden. Tilrettelegging i Førdedalen er derfor eit av tiltaka som verneområdestyret kan bruke midlar på i 2019.

I styremøte 1/2019 vart det gjort ei førebels prioritering av tiltaksmidlane for 2019. Førdedalen vart der satt «på vent» til verneområdeforvaltar og naturoppsyn hadde vore på synfaring og gjort sine vurderingar kring behov, potensiale og vidare tilrettelegging. Notat etter den synfaringa ligg vedlagt sakspapira. Verneområdestyret skal dessutan på synfaring i Førdedalen i forkant av styremøte 2/2019, og tek med seg ferske inntrykk og idear inn i handsaminga av saka.

Vurdering

Førdedalen er ein vakker dal med potensiale for mange ulike aktivitetar og tilbod innan friluftsliv og reiseliv (sjå notat).

Stien er av middels tilstand og kvalitet:

- Det er lite slitasje på stien, noko som vitnar om at bruken per i dag er liten til moderat.
- Den er godt merka.
- Den bør ryddast betre. Det bør fjernast ein del tre og greiner slik at det vert lettare å ta seg fram med stor sekk, med ski på sekken/skuldra og ryddast litt breiare slik at det er lettare å ta seg fram på ski.
- Stien kan med fordel leggest om nokre få stader. For å unngå «omvegar», våte parti og klyving mellom store steinar.
- Nokre stader vil det renne vatn i stien i nedbørsperiodar.
- Ut over dette er tilstanden på stien god. Lettgått terreng.

Naturoppsyn og forvaltar vil ikkje rå til tunge og omfattande tiltak på stien per no. Det vil verte omfattande og kostbart samanlikna med kor mykje stien er i bruk i dag. Det er og krevjande å vite akkurat kor ein bør gjere tiltak når ein ikkje har meir slitasje å vurdere ut i frå. Derimot bør det gjerast nokre mindre tiltak som meir rydding og litt grøfting av vatn.

I ein «lågterskel» innfallsport bør det vere ein del fasilitetar. Til dømes gode teltplassar, benkar, bålplassar, toalett og avfallshandtering. Aller helst med ei grad av universell utforming, slik at so mange som mogeleg kan nytte området. Ein bør derfor vurdere denne typen tilrettelegging.

Verneområdeforvaltninga kan gjerne vere med å finansiere slike fasilitetar. Den statlege forvaltninga bør derimot ikkje ta på seg eigarskap og ansvar for tilsyn og vedlikehald av slike innretningar og anlegg. Det har vi ikkje ressursar til, og vi har berre midlane våre for eit år i gongen. Vi er derfor avhengig av samarbeid med private og/eller kommune kring slik tilrettelegging. Verneområdeforvaltninga kan altså bidra med finansiering og etablering, men vi kan ikkje binde oss til faste utgifter til drift og vedlikehald.

I slike samarbeid mellom statleg forvaltning og private og/eller kommunale, er det viktig å få på plass ei avtale om kven som skal bidra med kva og kven som har ansvar for kva.

Handsaming i møte:

Styret må, basert på eigne inntrykk frå synfaring og på innspel frå forvaltar/naturoppsyn, bestemme kva ein skal gjere av tiltak i Førdedalen.

- Kva tiltak skal gjerast?
- Kven skal gjere det? Eventuelt samarbeid med andre aktørar
- Prioritering av tiltaksmidlar til tiltaket.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	12/19	29.05.2019

Ålfotbreen verneområdestyre - Revidering av tiltaksplan

Vedtak ST 12/19

Ålfotbreen verneområdestyre vedtok ny, revidert tiltaksplan som skal gjelde for åra 2019-2020:

Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeids-aktørar	Gjennomføringsperiode	Kostnads-overslag	Finansiering
Tilrettelegging Førdedalen	Legge til rette for lågterskel ferdsel, telting, rasting. Benkar, toalett, avfallshandtering, bålplass	Førde grunneigarlag, Bremanger kommune	2019 - 2020	300 000	Tiltaksmidlar, eksterne midlar, eigeninnsats
Hope-Lavesteinen	Utbetne stien frå skogsvegen og opp til Lavesteinen. Grøfte vekk vatn. Vurdere å legge om stien.	Bygdeservice. Grunneigarar	2018-2019	400 000	Tiltaksmidlar
Fjerning av framande artar	Kartlegge og fjerne førekomstar av gran i verneområdet			40 000	Tiltaksmidlar
Informasjonsbrosjyre	Lage og trykke informasjonsbrosjyre om verneområdet			50 000	Tiltaksmidlar
Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein dårleg/øydelt trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017.	Flora turlag. Tenestekjøp	2019	25 000	Tiltaksmidlar

Bru ved Støylsvatnet	Reparere feste/forankring til bru ved Støylsvatnet i Grøndalen, på stien til Blåbrebu.	Flora turlag, grunneigar, hytteeigar, tenestekjøp	2019	40 000	Tiltaksmidlar
Grus Hope	Gjere ferdig utbetringa av skogsvegen frå Hope til parkeringsplassen på Nakkane.	Bygdeservice.	2020	40 000	
Sti i Førdedalen	Utbetne sti i Førdedalen, frå enden av traktorveg til Fessene	Førde Grunneigarlag. Tenestekjøp?	2019 - 2020	20 000	
Infoskilt	Sette opp infoskilt etter ny standard på ferjekaiene Lote og Stårheim.	Leverandør, Bygdeservice, SVV	2019	250 000	Tiltaksmidlar
Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	Leverandør, grunneigar	2020-2021	300 000	Tiltaksmidlar
Brosjyre om geologi	Trykke ei brosjyre som fortel om geologi og landskap i Hornelen-bassenget	Geolog, trykkeri	2020?	50 000	Tiltaksmidlar
Skilt	Sette opp nye skilt, og erstatte gamle og øydelagde skilt, langs stiar og vegar	Turlag, grunneigarar, Leverandør	Årleg	5000 per år	Tiltaksmidlar
Sti til Blåbrebu	Mindre tilretteleggings- og sikringstiltak langs den merka stien frå Grøndalen til Blåbrebu	Flora turlag	2019-2020	30 000	Tiltaksmidlar

Dokument i saka:

- Framlegg til oppdatert tiltaksplan for 2019-2020

Bakgrunn

Tiltaksplanen er eit viktig tillegg og vedlegg til forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen er frå 2015 og den vil ikkje verte revidert på fleire år enno. Det er likevel behov for å gå gjennom tiltaksplanen men jamne mellomrom og revidere den. Etter kvart som eit tiltak er gjennomført og ferdig skal det takast ut av planen. Og når det dukkar opp nye behov for tiltak bør desse komme inn i tiltaksplanen.

Det er viktig at dei tiltaka vi ynskjer å gjennomføre er forankra i planverka våre. Det vil som oftast seie forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtselsplan eller tiltaksplan. Miljødirektoratet skal kvart år vurdere dei tiltaka som vert meldt inn gjennom bestilling av tiltaksmidlar. Forankring i planverk er eit viktig kriterium for kor høg prioritet tiltaket får. Vi har sett fleire gonger siste åra at tiltak som vi melder inn og ber om midlar til vert nedprioritert og får ikkje tiltaksmidlar dersom dei ikkje er forankra i planverk.

Handsaming i møte

Styret må gå gjennom tiltaksplanen slik den vert lagt fram av forvaltar, og diskutere og ta stilling til nokre spørsmål:

- Er det andre tiltak som bør inn på planen?
- Er det nokon tiltak som skal ut?
- Kortid skal dei ulike tiltaka gjennomførast?
- Kor lenge skal planen gjelde?
- Andre endringar eller tillegg?

ST 13/19 Eventuelt**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 29.05.2019****Ingen saker**